



## Møteprotokoll for Teknisk utval

**Møtedato:** 10.05.2016  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 16:00 - 18:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
John Torsvik	H	Utvalsleiar
Ragnvald Tangedal	AP	Nestleiar
Ørjan Daae	Frp	Medlem
Tove Kristin Sleire Tistel	V	Medlem
Laila Furebotn	Sp	Medlem

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Assisterande rådmann Sveinung Toft og konstituert teknisk sjef Roald Kvingedal

---

### Sakliste

Saknr	Tittel
008/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/2016	Godkjenning av møtebok
010/2016	Høyringsuttale - Søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure - Ådnekvam, AK 1
013/2016	Hjortejakta 2016 - forslag til tildeling av løyver
011/2016	Delegerte saker
012/2016	Referatsak
014/2016	Klage på avgjerd i skadefellingssøknad på grågås

**008/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

**10.05.2016 TEKNISK UTVAL**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

**TU - 008/2016 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjend**

---

**009/2016: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

**10.05.2016 TEKNISK UTVAL**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**TU - 009/2016 VEDTAK:**

**Møtebok frå teknisk utval 15.03.16 vert godkjend.**

---

**010/2016: Høringsuttale - Søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure - Ådnekvam, AK 1**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune ved rådmannen rår i frå att det vert gjeve løyve til utvidning av produksjonen på lokalitet Ådnekvamme vert dobla frå 780 tonn til 1.560 tonn MTB.

Det vert vist til mottatt søknad 22.02.2016 frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Ådnekvamme

Masfjorden kommune har ingen merknad til søknad om flytting av anlegget innafor området som er sett av til akvakultur i kommuneplanen AK 1 for Masfjorden kommune.

**Grunngjeving:**

Ei dobling av produksjonen vil ha ei negativ belastning på resipienten i fjordbassenget. Viser til Fylkesmannen i Hordaland som ikkje godkjenner utviding av lokaliteten frå 780 tonn til 1560 tonn.

***Konklusjon Fylkesmannen i Hordaland:***

*Den negative utviklinga i oksygenivået i djupbassenget i Masfjorden gjer et det ikkje er tilrådeleg å auke akvakulturproduksjonen i fjorden. MOM B-granskingane på lokaliteten gir heller ikkje grunnlag for å auke produksjonen på lokaliteten Ådnekvamme. Fylkesmannen gir derfor avslag på søknad om å auke MTB på lokaliteten frå 780 tonn til 1.560 tonn.*

**10.05.2016 TEKNISK UTVAL**

Saka vart drøfta.

Teknisk utval vart samd om å endra vedtaket slik:

Masfjorden kommune rår i frå att det vert gjeve løyve til utvidning av produksjonen på lokalitet Ådnekvamme vert dobla frå 780 tonn til 1.560 tonn MTB.

Det vert vist til mottatt søknad 22.02.2016 frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Ådnekvamme

Masfjorden kommune har ingen merknad til søknad om flytting av anlegget innafor området som er sett av til akvakultur i kommuneplanen AK 1 for Masfjorden kommune.

**Grunngjeving:**

Ei dobling av produksjonen vil ha ei negativ belastning på resipienten i fjordbassenget. Viser til Fylkesmannen i Hordaland som ikkje godkjenner utviding av lokaliteten frå 780 tonn til 1560 tonn.

***Konklusjon Fylkesmannen i Hordaland:***

*Den negative utviklinga i oksygenivået i djupbassenget i Masfjorden gjer et det ikkje er tilrådeleg å auke akvakulturproduksjonen i fjorden. MOM B-granskingane på lokaliteten gir heller ikkje grunnlag for å auke produksjonen på lokaliteten Ådnekvamme. Fylkesmannen gir derfor avslag på søknad om å auke MTB på lokaliteten frå 780 tonn til 1.560 tonn.*

Framlegg til vedtak med endring frå teknisk utval vart samrøystes vedteke.

**TU - 010/2016 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune rår i frå at det vert gjeve løyve til utviding av produksjonen på lokalitet Ådnekvamme vert dobla frå 780 tonn til 1.560 tonn MTB.**

**Det vert vist til mottatt søknad 22.02.2016 frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Ådnekvamme**

**Masfjorden kommune har ingen merknad til søknad om flytting av anlegget innafor området som er sett av til akvakultur i kommuneplanen AK 1 for Masfjorden kommune.**

**Grunngjeving:**

**Ei dobling av produksjonen vil ha ei negativ belastning på resipienten i fjordbassenget. Viser til Fylkesmannen i Hordaland som ikkje godkjenner utviding av lokaliteten frå 780 tonn til 1560 tonn.**

***Konklusjon Fylkesmannen i Hordaland:***

*Den negative utviklinga i oksygenivået i djupbassenget i Masfjorden gjer et det ikkje er tilrådeleg å auke akvakulturproduksjonen i fjorden. MOM B-granskingane på lokaliteten gir heller ikkje grunnlag for å auke produksjonen på lokaliteten Ådnekvamme. Fylkesmannen gir derfor avslag på søknad om å auke MTB på lokaliteten frå 780 tonn til 1.560 tonn.*

-----

## **013/2016: Hjortejakta 2016 - forslag til tildeling av løyver**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Teknisk utval viser til saksutgreiinga til rådmannen, og godkjenner tildelinga av hjorteløyver slik det er vist i tabell 3 nedunder. Heimel for vedtaket er hjorteviltforskrifta sin § 18.

Hjortevaldet Fagerdalen/Kringlebotn må handsamast særskilt når Fylkesmannen har handsama klagesaka som vart oversendt i 2015.

### **10.05.2016 TEKNISK UTVAL**

Saka vart drøfta.

Ørjan Daae (Frp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Det vert for 2016 gjeve 50% auke i hjorteløyve til dei valda som har hatt ein avskyting på 100% i 2015, innafor arealgrunnlag i valdet. Auke i løyvet må vere i samsvar med hjorteviltforskrifta, runde ned til heile tal og forvaltningsplan for området valdet sorterer under.

Auken skal i hovudsak gjelde ungdyr.

Heimel: Hjorteviltforskrifta

### **Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen og framlegg frå Frp vart røysta opp mot kvarandre.  
Framlegg til vedtak frå Frp vart vedteke med 3 mot 2 røyster (H og V)

Protokollmeknad:

Mindretalet viste til arbeidet med forvaltning innafor bestandsplanområder og at ein burde ta omsyn til forvaltningsplanane for dei 2 forvaltningsområda i Masfjorden ved auke i løyver.

### **TU - 013/2016 VEDTAK:**

Det vert for 2016 gjeve 50% auke i hjorteløyve til dei valda som har hatt ein avskyting på 100% i 2015, innafor arealgrunnlag i valdet. Auke i løyvet må vere i samsvar med hjorteviltforskrifta, runde ned til heile tal og forvaltningsplan for området valdet sorterer under.

Auken skal i hovudsak gjelde ungdyr.

Heimel: Hjorteviltforskrifta

---

**011/2016: Delegerte saker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

**10.05.2016 TEKNISK UTVAL**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

**TU - 011/2016 VEDTAK:**

**Delegerte saker vert tekne til orientering**

---

## **012/2016: Referatsak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

### **10.05.2016 TEKNISK UTVAL**

#### **Referatsaker:**

- 1 Søknad om løyve til hjortejakt på gnr 5/5
- 2 Endelig vedtak - Masfjorden - Hjortejakt i Fagerdalen

#### **Orientering/tema:**

Det vart orientert om status forvaltningsplan hjort Masfjorden-sør – Indrefjorden - Lindås.  
Trafikksikringsplan vert tatt opp som tema på neste møte.

### **TU - 012/2016 VEDTAK:**

**Referatsaker vert tekne til orientering**

---

## **014/2016: Klage på avgjerd i skadefellingssøknad på grågås**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen syner til korrespondansen som har vore i saka samt synfaring og kan diverre ikkje gje skadefellingsløyve på gås som omsøkt til 15.05 pga. hekketida for grågås.**

### **Heimel viltlova**

### **10.05.2016 TEKNISK UTVAL**

Saka vart drøfta.

Teknisk utval la fram nytt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune ved teknisk utval viser til mottatt klage frå G.nr.5, Bruk nr. 3 og 5, og gjev skadefellingsløyve på grågås som omsøkt på fylgjande vilkår:

- Løyve gjeld til 31.05.2016.
- Felling av inntil 5 grågås.
- Ikkje skyte hekkande grågås.

#### Grunngjeving:

Teknisk Utval meiner grågås bestanden i kommunen er aukande. Delegert vedtak om skadeskyting til 15.4.2016 har ikkje vore tilstrekkeleg for å avskremme bestanden og førebygge gjentatt skade på avlinga. Det har og samanheng med at grasveksten først kjem i 2 .halvdel av mai. Tidlegare har ein prøvd ut diverse skremmemetodar som gjerding mot sjø, hund og «hylaren». Skadejakta er rapportert tilfredsstillande og er basert på skremmeskyting meir enn bestandsreduksjon. Denne hadde ein viss effekt ei stund, men gåsa er ein fugl som tilpassar seg utruleg og dei tiltak syner seg lite effektive etter ei tid. I dette tilfellet er det ein stadbunden gåseflokk på 40-50 dyr. Skadeomfanget på grasavlinga er stort årleg, og det får negative konsekvensar for jordbruket bonden driv. Bonden driv med mjølkeproduksjon og grasproduksjon.

Heimel:

Viltlova § 14, jf Forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon.

Generelt om forskriftens pkt. II B, C og D.

#### Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen og framlegg til vedtak frå teknisk utval vart røysta opp mot kvarandre.

Framlegg til vedtak frå teknisk utval vart samrøystes vedteke.

### **TU - 014/2016 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune ved teknisk utval viser til mottatt klage frå G.nr.5, Bruk nr. 3 og 5, og gjev skadefellingsløyve på grågås som omsøkt på fylgjande vilkår:**

- **Løyve gjeld til 31.05.2016.**
- **Felling av inntil 5 grågås.**
- **Ikkje skyte hekkande grågås.**



**Grunngjeving:**

Teknisk Utval meiner grågås bestanden i kommunen er aukande. Delegert vedtak om skadeskyting til 15.4.2016 har ikkje vore tilstrekkeleg for å avskremme bestanden og førebygge gjentatt skade på avlinga. Det har og samanheng med at grasveksten først kjem i 2 .halvdel av mai. Tidlegare har ein prøvd ut diverse skremmemetodar som gjerding mot sjø, hund og «hylaren». Skadejakta er rapportert tilfredsstillande og er basert på skremmeskyting meir enn bestandsreduksjon. Denne hadde ein viss effekt ei stund, men gåsa er ein fugl som tilpassar seg utruleg og dei tiltak syner seg lite effektive etter ei tid. I dette tilfellet er det ein stadbunden gåseflokk på 40-50 dyr. Skadeomfanget på grasavlinga er stort årleg, og det får negative konsekvensar for jordbruket bonden driv. Bonden driv med mjølkeproduksjon og grasproduksjon.

**Heimel:**

Viltlova § 14, jf Forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon.

Generelt om forskriftens pkt. II B, C og D.

---

**Rett utskrift av møteprotokoll frå teknisk utval den 10.05.16 vert vitna:**

---

John Torsvik  
leiar

---

Roald Kvingedal  
konst. teknisk sjef